



Valldal Idrettslag

Referat styremøte Valldal IL
Torsdag 25. november 2021 kl 19.30
Klubbhuset – Omenås

Til stades:

Einar Hoel, Lars Petter Hauge, Ellisiv Jarvik, Monika Høydal Lingaas

1. vara til styret: Turid Løvoll

Friidrett v/Magne Eivind Glomnes

Ski v/Jan Ole Fuglem

Trim v/Oddbjørn Myklebust

Disksport v/Richard Moen

Dagleg leiar Olav Løvoll

Forfall:

Odd Lennart Vikene

Fotball v/Remi Uri-Landsnes

Kontrollutval Lars Tomas Bersås

Sakliste -

43/21 Val av møteleiar

Einar Hoel blir valgt som møteleiar

44/21 Godkjenning av referat frå styremøte 21. oktober 2021

Referat vert ettersendt

Referat frå førre møte er godkjent

45/21 Kort informasjon frå gruppene, hovedstyret og dagleg leiar

Ski – god aktivitet, ski skiskyting, styrke, innetrening skyting, satsar på skikafe. Nokre er på skisamlingar. Skispor bli laga til helga langs fylkesveien. Info blir lagt på heimesida og på hovudlaget si facebookside.

Friidrett – meldt inn i terminlista dei to løpa vi bestemte på førre måte.

Disksport- starta trening inne i hallen, fått tak i nett å kaste i og radar for å måle hastighet.

Trim – Slutt på fjelltrimmen, Frist for innlevering av deltakarkorta er denne månaden. Planar om å arranere. Nyttårsmarsj. Fått førespurnad om aktivitetstilbod for barn i barnehagealder, måndag er aktuell dag. Info blir formidla til dei som vil arrangere og ta ansvar.

Fotball -

Styret-



Valldal Idrettslag

Dagleg leiar- Allidrett går bra, 24 deltakarar. Instruktørane gjer ein god jobb. Allidrett skal vare til måndag 24.april. Bambusa vil selje oss sokkar i pakkestørrelse til vidarealg, vi bestiller 100 pakkar, 1 pk med 7 ankelsokkar kostar kr 200 pr pakke. Laget får halve fortenesten.

Oppfølging av saker frå førre styremøte:

- oppussing kjellar og garderober - Oppussing av garderober, øydelagde fliser blir erstatta i tillegg til gjenbruk av dei som er i orden. Dørene er grunna.
- Sommararrangement - Aktuelle lag og organisasjonar blir kalla inn til eit møte om sommararrangement over nyttår
- trenaradferd – leiar i fotballgruppa har tatt opp denne saka med den aktuelle trenaren
- status anlegg Grønningsæter/Høghjelle – komt lenger enn forventa, grøfter er tatt opp og ein kan bruke eit større løpenett denne sesongen. Kjøpt inn rør, 300 timar på dugnad i høst. Jobba med dispensasjonssøknaden frå arealplanen, lite kommentarar frå naboane. Spelemiddelsøknad er sendt inn. Det er brukt kr 220 000 på rør og varer i 2020 og 2021, meir kostnadar vil komme og ein må jobbe med finansiering.

46/21 Julemarked Skomakergata

Idrettslaget skal ha stand i Skomakergata 27. november 11-16. Sal av julenek, genserar, bøker kan selgast til kr 150,- Olav Løvoll og Einar Hoel kan vere til stades. Vi får gratis stand. Telta til VIL blir utlånt til arrangementet. VIPPS som betalingsordning.

47/21 Møteplan 1. halvår 2022

Forslag på styremøter i 2022

- onsdag 19. januar styremøte
- onsdag 16. februar styremøte
- gruppeårsmøter veke 11 (14. mars – 18. mars)
- måndag 21. mars styremøte
- **årsmøte torsdag 24. mars**
- onsdag 20. april styremøte
- onsdag 1. juni styremøte

48/21 Eventuelt

- Det er søkt om kompensasjon for tapte inntekter grunna Korona, vi har fått tilsagn om kr 142 141.
- Lokale aktivitesmidlar er overført frå idrettsrådet ,vi fekk overkant av kr 60 000,-
- Einar har vore på kurs om Equitiming, eit enklare system, kan bruke mobiltelefon.
- Søknad om støtte til trakkemaskin frå skigruppa på kr 15000,- det er kjøpt inn olje og deler frå Owren for over 115 000. Service blir gjort på dugnad. Totale utgifter i 2021 på kr 134 433,- Søknaden vert imøtekommen.
- Lys opp Møre og Romsdal for frivilligheita, lysmarsj søndag 5. desember 16-19. Eit enkelt arrangement på klubbuset med bålpanne. Turid sjekkar med helselaget om dei har planar



Valldal Idrettslag

og evt samarbeide. Utgiftene til kakao blir dekt. Kristi på frivilligsentralen skal ha tilbakemelding.

- Dugnadsgruppa vil få blomster til jul slik som i 2020.
- Slangar som ligg på fotballbana må takast inn. Anders ordnar det.
- Olav sjekkar med Alf om lysbrytarene ute er rett kobla. Det må opp meir informasjon om lys og at ein må skru av lysa på fotballbana når ein er ferdig. Lysa på fotballbana blir automatisk skrudd av kl 22.00.